

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033, HistSak-14/3748
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 09.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
075/22	Alver kommunestyre	19.05.2022

Spørsmål/interpellasjonar 19.05.2022

Alver kommunestyre 19.05.2022:

Handsaming: Interpellasjon frå M.Klementsens-uavh.:

Godt trafikktryggleiksarbeid bidreg til å gi kommunen godt omdømme, færre skadar og nøgde innbyggjarar.

Då Stortinget behandla NTP 2014–2023, blei det vedteke eit etappemål om å halvere talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken til maksimalt 500 innan 2024. Arbeidet inngår i regjeringa sitt vedtak om at trafikktryggleiks- arbeidet skal baserast på ein visjon om at ein ikkje skal ha ulykker med drepne og hardt skadde i vegtrafikken – nullvisjonen.

Trafikktryggleiksarbeidet er avhengig av ein brei og samla innsats der fleire sektorar er involverte for å førebyggje og redusere trafikkulykker (jf. st.meld. 16, 2008–2009). Samferds- elsdepartementet har peikt på ansvaret til kommunane for å arbeide for trafikktryggleik, som blir rekna som avgjerande for at ein skal nå nasjonale mål om reduksjon i talet på drepne og hardt skadde.

Kommunen er ein viktig aktør i trafikktryggleiksarbeidet. Som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgivar, kjøpar av trans- porttenester og ansvarleg for helsa og trivselen til innbyggjarane har kommunen eit stort ansvar for å førebyggje ulykker. Gjennom lover og forskrifter har kommunen plikt til å drive med systematisk ulykkesførebyggjande arbeid i alle sektorar.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Alver bed at Kommunedirektøren saman med administrasjonen framlegg saksutgreiing av søknad som Trafikksikker kommune innan neste kommunestyremøte.

Svar frå ordførar:

Arbeid med trafikkisikring er særskild viktig, og det er gjennom planar og strategiar kommunen prioriterer sitt arbeid innanfor dette området. I dag har kommunestyret vedtatt den første samfunnsdelen for Alver kommune, og den er tydeleg på at vi skal byggje opp trygge og gode lokalsamfunn. Kommuneplanen skal følgjast opp vidare i ein handlingsplan for trafikktryggleik, og det arbeidet vil starte opp hausten 2022. I handlingsplanen skal vi leggje inn konkrete tiltak som bidrar til at Alver kommune når sine mål innanfor trafikktryggleik. Deltaking i ordninga «Trafikksikker kommune» kan vere eit naturleg tiltak vi må vurdere i prosessen med handlingsplanen.

Trafikksikker kommune er ei godkjenningssordning som beskriv korleis kommunen, samla sett som organisasjon, jobbar med trafikktryggleik. I sak 03/21 la kommunedirektøren fram ei sak om status for kommunen sitt arbeid med Trafikksikker kommune. Kommunedirektøren si vurdering er at Alver kommune i dag har ein organisasjon som jobbar målretta med trafikktryggleik basert på eksisterande planar og strategiar. Kommunen er ikkje avhengig av å ha statusen «Trafikksikker kommune» for å følgje opp dette arbeidet på ein god måte, men det kan vere eit viktig kvalitetsstempel som viser at ein jobbar systematisk med området. Ordninga er også evaluert av Transportøkonomisk Institutt, og det kan vere tenleg å sjå på denne evalueringa når kommunen skal vurdere å gå inn i trafikksikker kommune.

Ordførar vil difor fremje forslag om at vurderinga med å gå inn i ordninga Trafikksikker kommune, vert gjort i samband med handsaming handlingsplan for trafikksikring.

Framlegg om realitetshandsaming av saka ved Ø.Oddekalv-AP

Framlegget vart vedteke med 39 røyster, mot 2 røyster(L.H.van der Kooij-SP og A.G.Eide-SP)

Framlegg frå S.Sekkingstad-SP:

Kommunestyret vil vurdere ordninga med å bli Trafikksikker kommune i samband med handsaminga av handlingsplan for trafikksikring.

Framlegget vart vedteke med 29 røyster, mot 13 røyster(H.Dale-uavh., M.Klementsens-uavh., S.Toft-V, M.Færø-uavh., H.Breivik-uavh., L.Johnsen-MDG, A.Bakken-MDG, A.Helle-R, Y.Walaker-uavh., K.O.Larsen-uavh., Ø.Moldeklev-FRP, T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Morken-SV)

Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Kommunestyret i Alver bed at Kommunedirektøren saman med administrasjonen framlegg saksutgreiing av søknad som Trafikksikker kommune innan neste kommunestyremøte.

Framlegget fekk 13 røyster og fall, mot 29 røyster(S.Røskeland-H, S.Lavik-KrF, A.Byrknes-KrF, A.G.Eide-AP, M.Andvik-KrF, S.Knudsen-SP, L.Taule-SP, Ø.Oddekalv-AP, N.M.Aadland -H, S.Sekkingstad-SP, K.Floen-AP, J.Borlaug-AP, J.Romarheim-KrF, M.B.Gjerde-SP, V.Villanger-SP, J.Hellestveit-SP, A.K.Eknes-KrF, S.Hauge-AP, H.Fyllingsnes-H, E.M.Dale-KrF, R.Bø-UAV, A.Hetlebakke-KrF, T.Skurtveit-AP, M.I.Wergeland -SP, T.Øvretveit-FrP, H.Fyllingsnes-H, N.Bognøy-AP, L.H.van der Kooij-SP og L.Bjørge-SP)

KO- 075/22 Vedtak:

Kommunestyret vil vurdere ordninga med å bli Trafikksikker kommune i samband med handsaminga av handlingsplan for trafikksikring.

Vedlegg i saken:

30.03.2022 Interpellasjon til kommunestyret 07.04.2022 - 19.05.2022 - 1716162
Trafikksikker kommune